

Ikkje eigedomsskatt dette året

21.06.2012

Kommunen skriv til Uskedalen Båtlag at båtlaget ikkje er friteke for eigedomsskatt men at det ikkje er omfatta av kommunestyrets vedtak for 2012.

Leiar for eigedomsskattekontoret Hans Olav Fernsteinevik presiserar at vedtaket berre gjeld for dette året og kan bli endra seinare.

I vedtaket for dette året heiter det at kommunen etter søknad kan frita eigedom åt stiftingar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten.

Kontoret ser på dei fleste båtlag som ein organisering av ein privat rett som ikkje er lik som for eit idrettslag. For dette året har kommunen konkludert med at båtlaga i hovudsak er å rekna som ein privat eigedom eller som verk og bruk.

Det er manglande rettspraksis på området samt at takseringa som vart gjort i 2009 ikkje tok omsyn til at ein slik problemstilling kunne oppstå også medverkar til vedtaket, skriv Fernsteinevik.

Av Ola Matti Mathisen